

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - K70, FA - M30	14/991

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014
079/2014	Formannskapet	PS	18.09.2014

Framlegg til forskrift om vatn og avlaup i Masfjorden kommune

Vedlegg:

forskrift utkast vatn og avlaup i Masfjorden 29 07 2014 - pr 0409 (2)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet gjer vedtak om å senda forskrift om vatn og avlaup ut på høyring i medhald av forvaltningslova sin § 37.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kommunen nyttar reglementet for vilkår for tilknyting vedteke i kommunestyret i Masfjorden den 07.09.2000, sak 83/00. Storleiken på tilknytingsavgifta vert fastsett kvar år i eiga sak i kommunestyret om kommunale avgifter, og var for 2014 handsama i kommunestyret sitt møte den 12.12.2013, sak 072/13. Her vart tilknytingsavgifta sett til kr 17.000,- eks. mva for vatn, og kr 21.000,- eks. mva for avlaup.

I samband med klagesak knytt til eit større bygg på Matre gjorde formannskapet den 13.05.2014, sak 036 vedtak om å sjå nærmare på vatn og avlausgebyra og måten dei er utforma i Masfjorden kommune.

Med bakgrunn i dette har administrasjonen jobba fram framlegg til nye forskrift i medhald av lov om kommunale vass – og avlauspanlegg av 2012.

Denne føresegna har som målsetjing å sikre gjennomføring av dei plikter kommunen er pålagt ved lov, og å nå dei mål som er nedsett i kommunen sitt planverk knytt til vatn og avlaup. Felles for dei sjølvfinansierande områda, er at kostnaden fullt ut kan dekkast inn ved hjelp av kommunale avgifter. Forskrifta skal vera ein juridisk basis for følgjande dokument:

- Avgiftsregulativ (årleg gebyrregulering gjort av kommunestyret i samband med budsjettetthandsaminga som skjer kvar haust)

- Reglement, vilkår for tilknyting til vatn i Masfjorden vassverk

Føresegna gjeld alle hushald/ bueiningar, hytter og offentlege / private verksemder som er, eller vil verta knytt til offentleg vatn og avlaupsanlegg i kommunen

Kommunen kan i einskildsaker etter skriftleg søknad gjere unntak frå reglane i denne føresegna om rimelege grunnar tilseier dette. Søknadar om unntak eller dispensasjon skal innehalde korrekt oppgåve over eigar, brukar og adresse, kva det vert søkt om og grunngjeving for dette. Når nytt hus kjem opp gjeld reglar som for nybygg, bortsett frå der tilknytingsavgift alt er betalt.

I føresegna 1-5 foreslår administrasjonen at gebyra både på tilknytingsavgifter og på årsavgift både for vatn og avlaup vert differensiert i høve storleiken på bustadane og hyttene. Det vert vist til tabell nedunder, som viser prinsippet for denne differensieringa:

Årsavgift vatn 2015	Differensiering i prosent	Gebyr kr
Minimumsgebyr årsavgift		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m ²	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m ²	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m ²	300% av minimumsgebyret	
Vatn inn i bygning, pris pr. m ³		XX,-
Fastavgift for dei som har vassmålar		XXXX,-
Tilknytingsavgift vatn 2015		
Minimumsgebyr tilknyting		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m ²	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m ²	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m ²	300% av minimumsgebyret	
Nærings-, forretning-, kontor-, landbruk-, naust 0 - 70 m ²	100 % av minimumsgebyret	
Nærings-, forretning-, kontor-, landbruk-, naust 71- 200 m ²	200 % av minimumsgebyret	

Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	300% av minimumsgebyret	
Årsavgift avlaup 2015		
Minimumsgebyr årsavgift		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Vatn ut av bygning, pris pr. m3		XX,-
Tilknytingsavgift avlaup 2015		
Minimumsgebyr tilknyting		XXXX,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 71 - 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter 201 - 400 m2	300% av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	200 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	300% av minimumsgebyret	

Det same prinsippet om differensiering på bruksareal vert og føreslått på nærings og forretningsbygg, landbruk m.v. I føresegna har ein og lagt inn definisjonar slik at det skal vera eintydig det som står i teksten.

Vurdering

Prinsippet om sjølvkost innanfor vass- og avlaupsområdet er nedfelt i det nasjonale regelverket. Det er difor i utgangspunktet abonnementane som skal dekka kostnadane innanfor desse områda. Desse kostnadane kan dekkast fullt ut via årsavgifter og tilknytingsavgifter. I Masfjorden kommune er det ikkje full kostnadsdekning innanfor dette feltet, og det betyr at fellesskapet er med å betale deler av kostnadane gjennom kommunale overføringer til dette tenesteområdet.

I framlegget som no ligg føre legg ein opp til ei tredeling i høve arealstorleikar både på hytter, bustader og andre typer bygg. Dette prinsippet er viktig å få drøfta, for det kan og vera andre måtar å gjera dette på. Enkelte kommunar har ei minimumsavgift i botn for alle abonnementar, og ein kostnad

per m² bruksareal i tillegg. Det kan og vurderast å ha ei fast avgift på alle frittliggjande bustader og hytter, som er den same uansett storleik på arealet.

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek i samsvar med forvaltningslova sin § 38 at framlegg til forskrift om vatn og avlaup skal på høyring. Når høyringsperioden er ferdig, skal eventuelle merknader som er kome inn drøftast, og deretter skal forskrifa handsamast i formannskapet og til slutt godkjennast i kommunestyret. Om formannskapet meiner at det er andre prinsipp som bør gjelda i høve differensiering av avgiftsniva, er det viktig at dette kjem med i vedtaket no, slik at dette kan verta vurdert nærmare i høyringsrunden, jf. forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming.

Formannskapet - 076/2014

FS - behandling:

Ass. rådmann Sveinung Toft orienterte om saka

Nytt framlegg til vedtak frå formannskapet:

Saka vert utsett til ekstra formannskapsmøte i forkant av kommunestyremøte 18. september 2014

Røysting:

Framlegget frå formannskapet vart samråystes vedteke.

FS - vedtak:

Saka vert utsett til ekstra formannskapsmøte i forkant av kommunestyremøte 18. september 2014

Formannskapet - 079/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet sender høyringa tilbake til administrasjonen for endring, saka vert handsama på

neste formannskapsmøte.

Røysting:

Framleggget frå formannskapet vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Formannskapet sender høyringa tilbake til administrasjonen for endring, saka vert handsama på neste formannskapsmøte.